

Bestandsplan for

VILLREIN

i

Reinheimen-Breheimen villreinområde

2024 – 2025 - 2026

Vedteke av

Reinheimen-Breheimen villreinutval, 22.03.2024

og

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen, 27.04.2024

1. Bakgrunn for planen

Hjorteviltforskrifta set rammer for kva ein bestandsplan skal innehalde:

§ 27. Bestandsplan for villrein

Villreinnemnda kan godkjenne en flerårig, maksimalt femårig, bestandsplan utarbeidet av villreinutvalg/grunneier-sammenslutning. Bestandsplanen skal som hovedregel omfatte hele villreinområdet, og inneholde mål for bestandsstørrelse og -utvikling, årlig avskytingsplan fordelt på alder og kjønn, oversikt over hvilke bestandsdata som skal samles inn og hvilke tiltak som er planlagt gjennomført. Hvis det oppstår vesentlige avvik fra godkjent bestandsplan, eller vesentlige uforutsette endringer i bestanden i løpet av planperioden, kan villreinnemnda beslutte at ny bestandsplan skal utarbeides.

§ 31 Fellesjaktavtaler for villrein

Fellingstillatelse gitt til ett vald kan benyttes i andre vald i villreinområdet, eller andre vald i villreinområder med felles bestandsplan, i hele eller en nærmere angitt del av jaktperioden. Dette forutsetter skriftlig avtale som viser hvilke vald og hvilke perioder fellesjaktavtalen gjelder for.

I tråd med § 27 får alle vald som sluttar seg til bestandsplanen tildelt årlege fellingsløyve som valfrie dyr. Dette gjev valda fordelar ved at t.d. feilskytingar kan bli ordna gjennom privatrettslege jaktavtaler og betre moglegheiter til å fordele villreinkvota etter ein eigen vald avskytingsmodell. Skriftlege fellesjaktavtaler (iht § 31) gjer at villreinutvalet kan kanalisere jaktuttaket til dei områda som bør ha det største uttaket i høve bestand- og beiteforhold.

Saman med bestandsplanen blir det sendt ut eit brev til alle vald med oppmoding om å slutte seg til bestandsplanen. For at villreinutvalet skal kunne styre jaktuttaket som ynskt, blir det samstundes sendt ut avtale om fellesjakt mellom alle vald i villreinområdet. Dette betyr at eit villreinkort er gyldige over heile villreinområdet i høve offentlege reglement. Det er da opp til villreinutvalet / rettshavar å eventuelt sette grensar for kvar dei einskilde korta kan bli brukt.


2. Villreinområdet

Reinheimen-Breheimen villreinområde består av 27 godkjente vald innan 10 kommunar fordelt på tre fylker.

Reinheimen-Breheimen villreinområde ligg i dei vestlegaste delane av Gudbrandsdalen og tilstøytande fjellstrok vest for vasskiljet. I grove trekk blir området avgrensa av elvane Gudbrandsdalslågen og Rauma (N), Trollstigvegen - Ørnevegen - Videseter - Jostedalsvegen (V), Jostedalen - Nørstedalen - Lom grense - Ottavatnet (S), og Vågåmo. Jaktmessig er villreinområdet delt i to einingar av Ottavassdraget, som dannar ein aust-vest akse mellom Vågåmo og Geirangerfjellet. Nordområdet omfattar store delar av kommunane Skjåk, Lom, Vågå, Dovre, og Lesja (Oppland), samt Rauma, Fjord og Stranda (Møre og Romsdal). Sørrområdet omfattar resten av Skjåk kommune, samt delar av Luster og Stryn. Nordområdet har eit teljande areal på 3.047.553 da mot 1.447.074 da på sørrområdet. Totalt har heile Reinheimen-Breheimen villreinområde eit teljande areal på 4.494.627 da.

I periodar har det og vore drive tamreindrift innan villreinområdet. Dette førte til at det meste av villreinen forsvann etter 1930. Det siste tamreinlaget, A/L Trio tamreinlag, vart avvikla i 1964. Etter det klarte ein å organisere grunneigarinteressene slik at ein i heile området fekk eit samanhengande villreinområde. Fyrste året det vart opna for jakt var i 1967 og sidan har det vore jakta villrein i Reinheimen-Breheimen kvart år. Utstrekt bruk av jaktavtaler og overgangsordningar har ført til høg fellingsprosent og betre forvaltning gjennom åra.

Figur 1: Oversiktskart over Reinheimen-Breheimen villreinområde.



3. Målsetting

1. Villreinstamma skal vere tilpassa bereevna til leveområdet.
2. Villreinstamma skal ha ein biologisk forsvarleg kjønns- og aldersstruktur og oppretthalde sin naturlege genetiske variasjon.
3. Bestandsplanen skal etterstreve best mogleg klassifisering for parameter gjeve i kvalitetsnormen for villrein.

Dagens bestandstorleik blir vurdert til å vera høveleg godt tilpassa beitegrunnlaget, men med variasjonar innanfor villreinområdet. Tidlegare beitetakseringar har konkludert med at det er tilstrekkeleg beite for fleire dyr dersom dyra tek i bruk heile villreinområdet.

I bestandsplanen blir det lagt opp til naturleg kjønnsamansetting som inneber om lag lik fordeling av hodyr og hanndyr i stamma. For å oppnå måla i planen må avskytinga derfor vere om lag lik på hann- og hodyr. Samtidig må det vere eit viktig mål å ha ein stammestruktur i tråd med idealtal for alderssamansetting. I kvalitetsnormen er forholdet mellom vaksen simle og vaksen bukk eit vurderingsparameter. Dette inneber andel eldre bukk (>3 år) pr. vaksen

simle (>1år). Det er vurdert forvaltningsmessig positivt med ein høg bukkeandel i ei stamme sidan bukkane har ein meir ekstensiv arealbruk og fører til breiare utnytting av leveområda.

Andel eldre (≥ 3 år) bukk per voksen (≥ 1 år) simle

Dårlig	Middels	God
<0,20	0,20–0,35	>0,35

Ein kan oppnå større produktivitet ved å auke andelen hodyr, men det kan gjeve negativt utslag på stabilitet og genetisk variasjon. Store bukkar er viktige for å unngå sein brunst og forsinka kalving. Andel bukkar som reproduserar påverkar effektiv bestandsstorleik. Mange hanndyr i stamma vil bidra til større konkurranse mellom bukkane i paringstida og mindre sjanse for ei simle til å pare seg med en bukk i nær slekt. Større utval er slik sett viktig for å motvirke innavl.

Når det gjeld kalvetilvekst, er det normalt stor variasjon frå år til år. Ei stamme som inneheld mykje unge dyr vil derfor vere meir ustabil i forhold til bestandstorleik. Ein god andel eldre bukk vil gjeve ei stamme med meir stabil storleik frå år til år. Sjølv om det er fleire fordelar med ein høg andel bukk i stamma, bør ein likevel avgrense mengda returbukk. Dei har relativt stort fôrforbruk og bidreg i liten grad til produktivitet i stamma. Slik sett bør ein fokusere på uttak av dei. Det har derfor vore ein diskusjon rundt val av bukk u/50 kg kontra klufnbukk. Det er særleg i ei stamme med ein stor del returbukk at bruk av klufnbukk kan vera hensiktsmessig. I jaksamanheng og under strukturteljning har det dei siste åra vore observert ein god del returbukk. Dette gjeld særleg for søraustområdet i Breheimen, men også for Reinheimen. For bestandsplanen 2024 – 2026 blir det derfor lagt opp til å innføre korttypen klufnbukk.

Det er ynskt at avskytingsmodellen skal bidra til at jegerane tek ut småfalne dyr og spare gode produksjonsdyr. Slaktevekt for kalv er eit av vurderingsparameterane i samband med kvalitetsreforma for villrein. I denne planperioden ynskjer ein å vidareføre praksisen som bidreg til felling av små kalvar.

I kvalitetsnormen er det fastsett tilstandskategoriar for slaktevekter for simlekalv som er slik:

Dårlig	Middels	God
< 15 kg	15–18 kg	> 18 kg

I løpet av planperioden er det sett bestandsmål for vinterstamma. Det er ikkje forventa at vinterstamma skal halde seg eksakt innanfor dette intervallet alle år. Ved avvik eit år skal ein forsøke å tilpasse uttaket slik at stammestorleik vil nærme seg målet att. I tidlegare bestandsplanar har det vore eit mål å auke vinterstamma noko på søraust i Breheimen. Formålet har vore å auke sjansen for å reetablere villrein i Luster. Vinterstamma var i fleire år på rundt 600 dyr utan endring i arealbruk for fostringsflokkane. Stamma for søraustområdet er nå nede att på 500 – 550 dyr. Ut i frå beitegrunnet har truleg talet på dyr vore litt for høgt i

denne perioden. Det er derfor eit mål å stabilisere vinterstamma på 400 – 500 dyr. Dette er også eit ledd for å bidra til mindre risiko for samanblanding mellom tamrein og villrein på Lomseggen. Mindre overlappande arealbruk vil også bidra til mindre sjans for smittespreiing og er eit moment forvaltninga bør vurdere slik situasjonen er i dag. I ein situasjon utan CWD og mindre risiko for samanblanding med tamrein er det ynskjeleg med utveksling mellom ulike villreinstammar for å gjere dei meir robuste med tanke på genetisk variasjon.

Basert på minimumsteljingar og strukturteljingar er det grunnlag for å konkludere med at stamma i Reinheimen no er i tråd med fastsett bestandsmål medan ein ligg litt høgt i Breheimen.


Målsetting for bestandstal 2024 - 2026

Reinheimen:	1700 - 1800 dyr
Breheimen søraust:	400 - 450 dyr
Breheimen sørvest:	250 - 300 dyr

4. Bestandsvurdering

Slaktevekt for kalvar har synt ein svakt fallande trend dei siste åra. Dette kan skuldast fleire årsaker, men reduksjon i bestandstal er eit aktuelt tiltak for å motvirke dette. I tillegg er det fornuftig å legge opp til ei avskyting der uttak av dyr i dårleg kondisjon blir premiert.

Figur Slaktevektutvikling for simlekalvar fordelt på Reinheimen og Breheimen 2012-2023.



Reinheimen-Breheimen villreinutval utfører dei aller fleste år teljingar av vinterstamma frå helikopter. I den førre bestandsplanperioden viste teljingane til litt høge bestandstal. Derfor vart kvota auka monnaleg i 2023, noko som hadde god effekt. Når det gjeld stammestruktur er det ei målsettinga å ha naturleg fordeling mellom hanndyr og hodyr i stamma. Avskytinga dei siste åra ser ut til å ha vore bra med tanke på å oppnå dette målet. Strukturtejingar om hausten syner også at stammestrukturen er god i høve idealtal for kjønns- og alderssamansetting. Sjå tabellar under som framstiller dette.

Tabell 1: Minimumsteljing utført frå helikopter/fly vinterstid.

Vinter	Breheimen SØ		Breheimen SV		Reinheimen		Trollstigrein		Sum
2007	400	Bakketel.	250	Beregnet	1760	Beregnet			2410
2008	393	Flytell	252	Flytell	1746	Flytell			2391
2009	508	Flytell	227	Flytell	1647	Flytell	50		2432
2010	550	Flytell	214	Flytell	1698	Flytell	31	Bakketel.	2493
2011	591	Flytell	243	Flytell	1657	Flytell	50	Bakketel.	2541
2012	584	Flytell	261	Flytell	1880	Flytell	40	Estimert	2765
2013	620	Flytell	275	Flytell	1870	Flytell	25	Estimert	2790
2014	589	Flytell	243	Flytell	2005	Flytell	20	Estimert	2857
2015	Ikkje utført teljing								
2016	568	Flytell	215	Flytell	2098	Flytell	20	Estimert	2901
2017	551	Flytell	281	Flytell	1941	Flytell	25	Estimert	2798
2018	550	Flytell	230	Flytell	2266	Flytell	32	Bakketel.	3078
2019	535	Flytell	380	Flytell	2032	Flytell	25	Estimert	2972
2020	488	Flytell	321	Flytell	1936	Flytell			2745
2021	510	Flytell	290	Flytell	2063	Flytell			2863
2022	484	Flytell	276	Flytell	1966	Flytell			2726
2023	553	Flytell	330	Flytell	2112	Flytell			2995
2024	511	Flytell	295	Flytell	1856	Flytell			2662


Tabell 2 syner avskyting fordelt på kjønn og alder innan Reinheimen-Breheimen villreinområde.

År	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Tildelt totalt	1025	1000	975	925	925	1125	1000	750	1100	1065	1300
Felt Hannkalv	134	127	93	105	95	150	131	65	142	95	142
% Hannkalv	54 %	52 %	57 %	51 %	59 %	52 %	53 %	47 %	55 %	51 %	52 %
Felt Hokalv	115	119	70	101	66	137	114	72	115	92	132
% Hokalv	46 %	48 %	43 %	49 %	41 %	48 %	47 %	53 %	45 %	49 %	48 %
Felt Hanndyr 1,5 år	29	42	30	40	29	41	32	29	40	32	52
Felt Hodyr 1,5 år	23	21	28	24	18	35	23	19	24	29	30
Felt Hanndyr Eldre	217	217	148	201	193	245	204	171	238	183	240
Felt Hodyr Eldre	227	227	187	197	180	234	220	123	264	203	295
Felt totalt	745	753	556	668	581	842	724	479	823	634	891
Felt tot ≥ 1,5 år	496	507	393	462	420	555	479	342	566	447	617
Fellingsprosent	73 %	75 %	57 %	72 %	63 %	75 %	72 %	64 %	75 %	60 %	69 %
% Hanndyr totalt	51 %	51 %	49 %	52 %	55 %	52 %	51 %	55 %	51 %	49 %	49 %
% Hodyr totalt	49 %	49 %	51 %	48 %	45 %	48 %	49 %	45 %	49 %	51 %	51 %
% Hanndyr ≥ 1,5 år	50 %	51 %	45 %	52 %	53 %	52 %	49 %	58 %	49 %	48 %	47 %
% Hodyr ≥ 1,5 år	50 %	49 %	55 %	48 %	47 %	48 %	51 %	42 %	51 %	52 %	53 %

Tabell 3 syner resultat frå strukturtelling 2023.

Breheimen søraust 2023		Kalv	simle	Bukk 1,5	Bukk 2,5	Bukk 3,5 +	Tot
	Ant struktur	67	183	43	28	65	386
	Struktur	17 %	47 %	11 %	7 %	17 %	100 %
Reinheimen 2023	Ant struktur	105	233	45	32	102	517
	Struktur	20 %	45 %	9 %	6 %	20 %	100 %

Figur 3: Fellingsstatistikken for Reinheimen-Breheimen viser stor variasjon i talet på felte dyr.



Tabell 4 syner kvotestorleik i dei førre planperiodane.

Kvote	Reinheimen	Breheimen søraust	Breheimen sørvest	Sum
2015	700	220	55	975
2016	725	185	15	925
2017	725	200	50	975
2018	900	185	40	1125
2019	700	171	129	1000
2020	500	168	82	750
2021	800	216	84	1100
2022	800	200	65	1065
2023	950	250	100	1300

Forventa fellingsprosent:

Reinheimen: 65 % (basert på snitt dei siste ti åra)
Breheimen søraust: 72 % (basert på snitt dei siste ti åra)
Breheimen sørvest: 85 % (basert på snitt dei siste ti åra)

5. Avskytingsprofil

I førre bestandsplanperiode var det lagt opp til ein likeins avskytingsprofil for heile Reinheimen-Breheimen. For ny bestandsplan blir det delt mellom områda med mindre tilpassingar for å nå målsettingane i planen.

Tabell 5 syner avskytingsmodellen for **Reinheimen** åra 2024-2025-2026

Korttype	2024-2026
Kalv	40 %
Simle / Bukk u. 40 kg	25 - 30 %
Kluftbukk	5 - 10 %
Fritt dyr	20 - 25 %

Tabell 6 syner avskytingsmodellen for **Breheimen søraust** åra 2024-2025-2026

Korttype	2024-2026
Kalv	35 - 40 %
Simle / Bukk u. 40 kg	25 - 30 %
Kluftbukk	10 - 15 %
Fritt dyr	20 - 25 %

Tabell 7 syner avskytingsmodellen for **Breheimen sørvest** åra 2024-2025-2026

Korttype	2024-2026
Kalv	35 - 40 %
Simle / Bukk u. 40 kg	25 - 30 %
Kluftbukk	5 - 10 %
Fritt dyr	20 - 25 %

I denne planperioden vil ein fortsette med same modell som i førre periode for Reinheimen. Strukturteljingar syner at stammestrukturen er god, men at det er ein tendens til litt mykje eldre bukk. Dette kan ein regulere frå år til år med den fastsette prosentdelen, i tillegg til at ein opnar for å tildele kluftbukk. Elles er det naturleg med mindre årlege justeringar i avskytingsmodellen med tanke på prosentvis fordeling mellom dei ulike kategoriane.

I Breheimen ynskjer ein noko større uttak av eldre hanndyr. Derfor blir kategorien kluftbukk innført med ein auka prosentdel frå førre bestandsplanperiode (10 – 15 % mot 5 – 10 %). Dersom ein ynskjer eit effektivt nedtak i stamma, kan det også enkelte år vere aktuelt å auke delen simle/40 kg. I den førre bestandsplanen var det fast 40 % kalv. Denne blir no regulert til 35-40 %.

6. Tildeling av fellingsløyver

I retningslinjene til hjorteviltforskrifta er det skrive fylgjande om årlege kvotesøknader:

Selv om det foreligger godkjenning av en flerårig bestandsplan, skal villreinnemnda vedta fellingskvote årlig, samt sende ut fellingstillatelsene årlig.

Det vil vere årleg kvotesøknad som legg grunnlaget for årleg fellingskvote.

Vald som har gjeve skriftleg tilslutning til bestandsplanen får tildelt fellingsløyve som valfrie dyr. Øvrige vald etter § 29. For både Reinheimen og Breheimen blir det sett av nokre oppsynskort som utvalet disponerer. Desse blir teke frå totalkvota og belastar derfor kvart vald likt.

Teljingar og observasjonar viser at arealbruken til villrein er ulikt fordelt mellom valda. Dette gjer at areal blir vekta ulikt innan forskjellige geografiske soner. I tillegg eksisterer det fleire privatrettslege jaktavtaler der løyve utstett på eit vald også kan nyttas innan andre vald. Ein føresetnad for fleire av desse avtalene er ulik tildeling innan forskjellige geografiske soner. Ved jakt på eit anna vald enn det fellingsløyvet er utstett på, er det krav om skriftleg fellesjaktavtale som syner kva vald og kva periode avtala gjeld for.

	Kvotandel	Fordeling
Oppland	85 %	Fordeling iht areal mellom valda innan Oppland
Rauma	8 %	Fordeling iht areal innan Rauma
Norddal	5,5 %	Fordeling iht areal innan Norddal
Stranda	1,5 %	Fordeling iht areal innan Stranda
Sum	100 %	
Skjåk	75 %	Eit vald
Stryn	7 %	Eit vald
Luster	18 %	Eit vald
Sum	100 %	

Inndeling i jaktområde – jaktavtaler

Reinheimen - Møre og Romsdal					
Vald nr.	Vald	Kommune	Jaktområde	Jaktavtale med	Areal (da)
1	Geiranger grunneigarlag	Stranda	Skjåk Reinheimen	Skjåk Almenning	94871
2	Geiranger Aust jaktområde	Stranda	Skjåk Reinheimen	Skjåk Almenning	56237
	Totalt Stranda				151108
3	Valldal Villreinområde	Fjord	Skjåk Reinheimen	Skjåk Almenning	256181
4	Muldal jaktområde	Fjord	Skjåk Reinheimen	Skjåk Almenning	33498
5	Øvre Rødal-Kaldhusseter	Fjord	Skjåk Reinheimen	Skjåk Almenning	98971
6	Nedre Rødal jaktområde	Fjord	Skjåk Reinheimen	Skjåk Almenning	65529
27	Herdalen grunneigarlag	Fjord	Skjåk Reinheimen	Skjåk Almenning	30014
	Totalt Fjord				484194
7	Voll statsallmenning	Rauma	Lesja Reinheimen	Lesja Fjellstyre	19548
8	Grytten statsallmenning	Rauma	Lesja Reinheimen	Lesja Fjellstyre	135378
9	Tunga sameie	Rauma	Lesja Reinheimen	Lesja Fjellstyre	73731
10	Kabben og Hånådalen grunneierforeining	Rauma	Lesja Reinheimen	Lesja Fjellstyre	57435
11	Fremmerbrøste sameige	Rauma	Lesja Reinheimen	Lesja Fjellstyre	72357
12	Øverdalen grunneierlag	Rauma	Lesja Reinheimen	Lesja Fjellstyre	19811
13	Medalen grunneigarlag	Rauma	Lesja Reinheimen	Lesja Fjellstyre	24425
14	Vermedalen jaktområde	Rauma	Lesja Reinheimen	Lesja Fjellstyre	35462
	Totalt Rauma				438146
	Totalt alle vald i M & R				1073447
Reinheimen - Innlandet					
Vald nr.	Vald	Kommune	Jaktområde	Jaktavtale med	Areal (da)
15	Lesjaskog heimrast	Lesja	Lesja Reinheimen	Samjaktavtale Lesja	146251
16	Lordalen statsallmenning	Lesja	Lesja Reinheimen	Samjaktavtale Lesja	512903
17	Lesja heimrast	Lesja	Lesja Reinheimen	Samjaktavtale Lesja	98353
18	Dovre vestsida grunneigarlag	Dovre	Lesja Reinheimen	Lesja fjellstyre	65348
19	Vågå fellesområde	Vågå	Fellesområdet Finndalen	Samjaktavtale Finndalen	99414
20	Finndalen statsallmenning	Lom	Fellesområdet Finndalen	Samjaktavtale Finndalen	244422
21	Vårdalen statsallmenning	Lom	Fellesområdet Finndalen	Samjaktavtale Finndalen	16356
22	Lia grunneigarlag	Lom	Fellesområdet Finndalen	Samjaktavtale Finndalen	35250
23	Skjåk Almenning, nord	Skjåk	Skjåk Reinheimen		755809
	Oppsynskvote				
	Total tildeling				1974106
Breheimen					
Vald nr.	Vald	Kommune	Jaktområde	Jaktavtale med	Areal (da)
24	Skjåk Almenning, sør	Skjåk	Skjåk sørøst / Skjåk sørvest		846894
26	Stryn statsallmenning m.fl.	Stryn	Skjåk sørvest	Skjåk Almenning	88390
25	Luster fellesområde	Luster	Skjåk sørøst	Skjåk Almenning	511789
	Oppsynskvote				
	Totalt				1447074